

**Fra:** Asbjørn Nagell Toft  
**Sendt:** torsdag 29. juni 2023 08:49  
**Til:** Ådne Breisnes Utkilen; Reidar Øksnes (56roek@gmail.com); Helge Dyrkolbotn; Rolf Vik; Maria Sognnes; Aslak André Bakke; Nikolai.fivelsdal@gmail.com  
**Kopi:** Per Lerøy; Bjørnar Fjellhaug  
**Emne:** Referat frå synfaring med prosjektgruppa for energiproduksjon og energisparing i Austrheim kommune den 28. juni 2023

## Til prosjektgruppa for energiproduksjon og energisparing i Austrheim kommune

### Referat frå synfaring med prosjektgruppa for energiproduksjon og energisparing i Austrheim kommune den 28. juni 2023

Til stades på møtet og synfaringa var:

Aslak A. Bakke  
Maria Sognnes  
Helge Dyrkolbotn  
Rolf Vik  
Nikolai Semmingsen Fivesdal  
Asbjørn Nagell Toft

To andre i gruppa melde forfall: Reidar Øksnes og Ådne Breisnes Utkilen

Synfaringa vart gjennomført som planlagt slik:

#### Oppmøte på Litlås:

Kl. 18.00- Synfaringa startar hjå Terje Litlås på Litlås (gardsvindmølle)



Kl. 19.00 Synfaring hjå Rolf Vik på Ulvøy (vertikal vindturbin og solcelleanlegg)

Ulvøyna 55, 5943 Austrheim

Kl. 20.30 Synfaring hjå Sigmund Karlsen på Litlelindås (vasstank fyrt opp med ved).

Litlelindås 101, 5943 Austrheim

Avslutting kl. 21.00 på Litlelindås

Gi beskjed om du ikkje kan koma til underteikna. Vel møtt!

Dei me besøkte forklarte og viste sine energiproduksjon-prosjekt. Det vart ein lærerik kveld. Det var engasjerte og kunnskapsrike personar me kom til. Dei kunne og ta imot besøk av andre interesserte. Dei svarte godt på alle spørsmål.

Terje Litlås viste oss gardsvindmølla og batteripakka si med meir. Han er ikkje kobla på nettet, men bruker all straumen han produserer sjølve.

Rolf Vik viste oss solcelleanlegget sitt på huset, og den vertikale vindturbinen og batteripakka med meir. Han er tilkobla nettet. Han forklarte og BKK Nett si rolle her.

Sigmund Karlsen viste sitt eldre oljefyringsanlegg som han endra til eit vedfyrt fyringsanlegg der varmtvatnet går omkring i heile huset i eldre radiatorar med meir. Også varmtvatnet vart oppvarma her. Tanken med varmt vatn (varmemagasinet) var på 5 m<sup>3</sup>. Han har og innstalert solcelle-anlegg på store deler av løetaket si no.

Referatet går ikkje inn i detaljar her, men det vart ein kunnskapsrik og interessant synfaring takka vera godt vertskap alle stadar. Det er ingen tvil om at det er framtida me ser her når det gjeld eigen energiproduksjon. Vind, sol og ved er gode energiproducentar.

Prosjektgruppa tek ein ny synfaring lenger vekk med andre tema etter ein velfortent ferie. Har de innspel til synfaring/tema gi beskjed til leiar Aslak Bakke eller sekretæren i prosjektgruppa.

Ha ein fin sommar alle saman.

Asbjørn Nagell Toft (sekretær i prosjektgruppa)